

Saksbehandlar: Ingeborg Lie Fredheim, Opplæringsavdelinga
 Sak nr.: 13/6653-47

Sogn jord- og hagebruksskule

Fylkesrådmannen rår hovudutvalet for opplæring til å gje slik tilråding:

Hovudutvalet for opplæring rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkesrådmannen får i oppgåve å utgreie kva ekstraordinært vedlikehaldsarbeid som kan gjerast på eksisterande bygningsmasse ved Sogn jord- og hagebruksskule innanfor ei økonomisk ramme lik summen av løyving frå fylkeskommunen og ev. tilskot frå Aurland kommune, Sogn Jord- og Hagebruksskule Venneforening og ev. andre.
2. Fylkestinget er for eigen del innstilt på å løyve 20,0 mill. kr til ekstraordinært vedlikehald av eksisterande bygningsmasse på Sogn jord- og hagebruksskule. Denne løyvinga må finansierast ved låneopptak. Kapitalkostnadane knytt til eit slikt låneopptak må innarbeidast i framtidige budsjett og økonomiplanar.

Det vert løyvd 0,5 mill. kr over budsjett 2015 til kjøp av rådgivingstenester i samband med utgreiingsarbeidet, jf. punkt 1 over. Løyvinga på 0,5 mill. kr vert mellombels finansiert over bufferfondet. Dersom ekstraordinært vedlikehald vert realisert, vil nemnde løyving inngå i det samla låneopptaket.

Ein føresetnad for å realisere det ekstraordinære vedlikehaldsarbeidet er at utgreiinga viser at dette kan gje grunnlag for tilfredsstillande og forsvarleg drift på skulen i ein 10-12 års periode.

3. Aurland kommune og Sogn Jord- og Hagebruksskule Venneforening må innan 31.01.2015 klårgjere om dei vil bidra med tilskot til å finansiere eit slikt ekstraordinært vedlikehaldsarbeid av eksisterande bygningsmasse på Sogn jord- og hagebruksskule om dette blir realisert, og i tilfelle med kor mykje ein vil kunne yte i tilskot.
4. Fylkestinget vil handsame sak med utgreiing av ekstraordinært vedlikehald på eksisterande bygningsmasse ved Sogn jord- og hagebruksskule i juni 2015.

Vedlegg:

1. Brev, datert 12.08.14, frå fylkeskommunen v/fylkesordføraren til Kommunenes Sentralforbund, med kopi til Kunnskapsdepartementet: Statleg tilskot til landsliner
2. Brev, datert 20.08.14, frå fylkeskommunen v/fylkesrådmannen og fylkesdirektøren for opplæring til Oikos-Økologisk Norge: Oppfølging av vedtak i fylkestingssak 14/14 Investeringar og drift ved Sogn jord- og hagebruksskule - ekstern medfinansiering
3. Svarbrev, datert 09.09.14, frå Norges Bondelag til fylkeskommunen: Investeringar og drift ved Sogn jord- og hagebruksskule
4. Svarbrev, datert 17.09.14, frå Sogn Regionråd til fylkeskommunen: Oppfølging av vedtak i fylkestingssak 14/14 Investeringar og drift ved Sogn jord- og hagebruksskule
5. Brev, datert 23.09.14, frå Sogn jord- og hagebruksskule Venneforening: Til orientering
6. Brev, datert 12.11.14, frå Aurland kommune og Sogn jord- og hagebruksskule Venneforening: Førespurnad om møte og drøftingar i Aurland, SJH nybygg
7. Svarbrev, datert 17.11.14, frå fylkeskommunen v/fylkesrådmannen og fylkesdirektøren for opplæring til Aurland kommune og Sogn jord- og hagebruksskule Venneforening: Svar - Førespurnad om møte og drøftingar i Aurland, SJH nybygg

Andre dokument som ikkje ligg ved:

1. FU-sak 116/13 Sogn jord- og hagebruksskule – vegen vidare m/vedlegg.
2. FT-sak 14/14 Investeringar og drift ved Sogn jord- og hagebruksskule m/vedlegg.

SAKSFRAMSTILLING

Samandrag

Fylkesrådmannen legg med dette fram ny sak om Sogn jord- og hagebruksskule.

Saka tek utgangspunkt i vedtaka i FU-sak 116/13 Sogn jord- og hagebruksskule – vegen vidare og FT-sak 14/14 Investeringar og drift ved Sogn jord- og hagebruksskule og viser korleis desse vedtaka er følgde opp.

Fylkesrådmannen vurderer i saka tre alternativ for skulen;

1. Full utbygging og renovering av bygningsmassen
2. Avvikling av skuledrifta
3. Ekstraordinært vedlikehald av eksisterande bygningsmasse.

Grunna fylkeskommunen sin økonomiske situasjon og manglande ekstern finansieringsvilje er det, etter fylkesrådmannen si vurdering, ikkje grunnlag for å arbeide vidare med ei løysing i tråd med alternativ 1 *Full utbygging og renovering av bygningsmassen*.

Fylkesrådmannen meiner vidare at alternativ 2 *Avvikling av skuledrifta* vil ha store negative konsekvensar.

Fylkesrådmannen rår difor til vidare utgreiing av eit alternativ 3 *Ekstraordinært vedlikehald av eksisterande bygningsmasse*. Dette inneber at det må utgreiast kva ekstraordinært vedlikehaldsarbeid som kan gjerast på eksisterande bygningsmasse ved Sogn jord- og hagebruksskule innanfor ei økonomisk ramme lik summen av løyving frå fylkeskommunen og ev. eksterne tilskot.

Fylkesrådmannen rår til at fylkeskommunen, dersom vedlikehaldsalternativet vert realisert, løyver inntil 20 mill. kr til føremålet. Fylkesrådmannen rår vidare til at frist for klargjering av om Aurland kommune, venneforeininga og ev. andre vil bidra med tilskot bør setjast til 31.01.2015.

Dersom utgreiinga viser at endeleg økonomisk ramma ikkje gir rom for å oppfylle kravet om at ein etter at vedlikehaldet er gjennomført kan ha tilfredsstillande og forsvarleg drift på skulen i ein 10-12 års periode, er det fylkesrådmannen si vurdering at vedlikehaldsalternativet ikkje bør realiserast.

Sak med utgreiing av vedlikehaldsalternativet må leggjast fram for fylkestinget i juni 2015.

Fylkesrådmannen rår til at det vert løyvd 0,5 mill. kr i 2015 til kjøp av rådgivingstenester i samband med utgreiingsarbeidet.

Tilrådinga frå fylkesrådmannen inneber at elevinntaket til skulen hausten 2015 går som normalt.

Fylkesrådmannen har på eige møte informert dei tilsette ved Sogn jord- og hagebruksskule om tilrådinga i saka. Fylkesrådmannen har også orientert Aurland kommune og Sogn jord- og hagebruksskule Venneforening om tilrådinga.

1. Bakgrunn for saka

Fylkesutvalet handsama i november 2013 sak 116/13 Sogn jord- og hagebruksskule – vegen vidare. Utvalet gjorde då følgjande vedtak:

1. «Sogn og Fjordane fylkeskommune set i gong ein prosess, med frist medio mars 2014, for å kartleggje kven som vil vere med å delfinansiere framtidige investeringar ved Sogn jord- og hagebruksskule – både på kort og lengre sikt. Det skal likeeins kartleggjast kven som vil vere med å dekke årlege driftsutgifter, ekskl. kapitalutgifter, i den grad desse ikkje vert dekkja av staten innafør ramma av den statleg godkjende landslineordninga.
2. Fylkeskommunen vil i utgangspunktet vere innstilt på følgjande:
 - a. Dekke 60% av eit kortsiktig investeringsbehov anslått til 43 mill. 2013-kr.
 - b. Gjennom ein intensjonsavtale vere med ta eit finansielt delansvar også for det langsiktige investeringsbehovet ved skulen, anslått til nye 30-40 mill. 2013-kr.
 - c. Dekke om lag halvparten av dei løpande driftsutgiftene, ekskl. kapitalutgiftene, som staten ev. ikkje dekkjer. I 2012 utgjorde dette i alt 2,9 mill. kr.
3. Fylkeskommunen tek umiddelbart opp att arbeidet mot sentrale styresmakter med sikte på statleg delfinansiering av investeringane ved skulen og statleg fullfinansiering av tilhøyrande drift. Fylkeskommunen ønskjer her eit nært samarbeid med Aurland kommune.
4. Fylkeskommunen vil også be Aurland kommune klårgjere ev eigen finansiell medverknad i investerings- og driftsutfordringane ved skulen, jf. pkt. 2 over. Som lekk i dette ønskjer ein at Aurland kommune og klårgjer om det er grunnlag for annan finansiell medverknad enn frå stat og kommunesektor.
5. Det vert lagt til grunn at fylkestinget i juni 2014 tek endeleg stilling til framtida for Sogn jord- og hagebruksskule.»

Fylkestinget handsama i juni 2014 sak om Investeringar og drift ved Sogn jord- og hagebruksskule i sak 14/14. I saksutgreiinga heiter det m.a.:

«3.2 Framtidig finansiering av drift og investering

Gjennom arbeidet med å klårgjere grunnlaget for finansiell medverknad frå staten, Aurland kommune og andre har Aurland kommune vist at dei er innstilt på å bidra med inntil 5 mill. kr i stiftingskapital, dersom det vert oppretta ei stifting.

Fylkesrådmannen har ikkje registrert andre innspel om finansiell medverknad.

Fylkesrådmannen rår sterkt frå at fylkeskommunen går inn som medstiftar slik Aurland kommune ønskjer. Dette fordi ei slik løysing gir lite bidrag økonomisk, medan ho i stor grad avgrensar fylkeskommunen sitt handlingsrom i høve drift og utvikling.

Det er i tilbakemeldinga frå Aurland kommune ikkje sannsynleggjort eit grunnlag for å finne ei løysing på driftsutfordringane ved skulen.

Aurland kommune meiner etablering av ei stifting kan vere løysinga for å få med andre bidragsytarar til å finansiere investeringsutfordringane ved skulen. Kommunen har på bakgrunn av dette fått utarbeidd ei skisse til innbyding til etablering av stifting. Kommunen har i sitt framlegg føresett at fylkeskommunen er medstiftar og har i påvente av fylkeskommunen si handsaming av saka ikkje sendt ut innbydinga eller på andre måtar fått testa om det er grunnlag for å få inn stiftingskapital.

Dersom det skal investerast i bygningsmassen på Sogn jord- og hagebruksskule, bør det samla investeringsbehovet og ikkje berre det kortsiktige/akutte vurderast. Med dette som utgangspunkt har fylkesrådmannen, fram til regjeringa fremja Kommuneproposisjonen med nytt inntektssystem, arbeidd med ei skisse til mogleg løysing. Denne skissa femner om full opprusting/utbygging av Sogn jord- og hagebruksskule innanfor ei økonomisk ramme på 84,3 mill. 2013-kr under følgjande føresetnader:

- a. Eksterne partar bidrar med 33,7 mill. inkl. mva. (40 %), fylkeskommunen med resten (60 %, 50,6 mill. kr).
- b. Heile opprustinga/utbygginga skal skje i fylkeskommunal regi.
- c. Fylkeskommunen skal ha full styringsrett når det gjeld framtidig drift og utvikling av Sogn jord- og hagebruksskule.
- d. Aurland kommune tek ansvar for å få på plass den eksterne delen av finansieringa, jf. punkt a. Dette kan eventuelt skje ved å etablere ei stifting. Ein vil kunne bruke inntil 1 – eitt – år på dette.
- e. Dersom det vert etablert ei stifting vil fylkeskommunen sjølv ikkje vere medstiftar.
- f. Stiftinga vert formell eigar av ein nærare definert del av ei større utbygging ved skulen. Fylkeskommunen/skulen skal vederlagsfritt kunne disponere det arealet som stiftinga vil stå som eigar av og alle inntekter knytt til skulen si samla verksemd.

3.3 Endra økonomiske rammeføresetnader, konsekvensar av nytt inntektssystem

Fylkesrådmannen viser til regjeringa sitt framlegg til nytt inntektssystem som vart lagt fram 14.05.2014 som del av Kommuneproposisjonen for 2015.

Framlegget til nytt inntektssystem inneber at fylkeskommunen, i løpet av ein overgangsperiode på fem år, vil få ein reduksjon i dei økonomiske overføringane frå staten på omlag 235 mill. kr samanlikna med i dag. Dette er ein monaleg større reduksjon enn det fylkestinget har innarbeidd i vedteke budsjett og økonomiplan.

Som følgje av dei nye inntektsføresetnadene ser fylkesrådmannen det som svært viktig at alle saker med økonomisk verknad vert handsama som ein del av heilskapen i samband med føreståande budsjett og økonomiplan. Fylkesrådmannen finn det difor ikkje tenleg å leggje fram saka om investeringar og drift ved Sogn jord- og hagebruksskule til realitetshandsaming for fylkestinget i juni - som planlagt. Saka må i staden handsamast som ein del av budsjett- og økonomiplanprosessen.»

I denne saka (14/14) gjorde fylkestinget følgjande vedtak:

«Investeringar og drift ved Sogn jord- og hagebruksskule vert å ta stilling til i samband med føreståande budsjett- og økonomiplanarbeid.

Fylkestinget ber om at det blir arbeidd vidare med å sikre ekstern medfinansiering og alternative måtar å organisere eigedomsmassen på.

Det må arbeidast opp mot Kunnskapsdepartementet og statlege institusjonar for å få ei betre finansiering til drift av landslina for økologisk landbruk.»

Fylkesrådmannen legg med dette fram ny sak om Sogn jord- og hagebruksskule.

2. Oppfølging av fylkestinget sitt vedtak i sak 14/14

2.1 Arbeid opp mot Kunnskapsdepartementet og statlege institusjonar for å få ei betre finansiering til drift av landslina for økologisk landbruk

12.08.14 sende fylkesordføraren brev til Kommunenes Sentralforbund, med kopi til Kunnskapsdepartementet om statleg tilskot til landsliner (vedlegg 1). I brevet heiter det:

«Sogn og Fjordane fylkeskommune har landslinetilbod innan yrkessjåfør og økologisk landbruk. Fylkeskommunen har ved fleire høve meldt til Kunnskapsdepartementet at det er behov for auke i dei statlege tilskotssatsane til landsliner for å fullfinansiere tilboda. I siste svarbrev frå Kunnskapsdepartementet, datert 11.02.14, vert det vist til at det ikkje ligg føre planar om å endre satsane til drift av landsliner.

Fylkeskommunen er kjend med at det frå KS si side no vert arbeidd med ein fullstendig gjennomgang av landslineordninga. I samband med dette vil vi peike på at det statlege tilskotet til landsliner ikkje fullfinansierer driftskostnadane.

Fylkeskommunen ber om at det vert teke omsyn til dette i samband med gjennomgangen av landslineordninga.»

2.2 Ekstern medfinansiering

20.08.14 sende fylkesrådmannen og fylkesdirektøren likelydande brev til alle som skriftleg har gjeve innspel til fylkeskommunen om at dei meiner skulen må oppretthaldast. Dvs.:

Oikos-Økologisk Norge, Utviklingsfondet, Norges Bondelag, Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Økoringen Vest, Oikos Vest, Sogn Regionråd, Nærøyfjorden verdsarvpark, Norsk Gardsost, Norges Bygdeungdomslag og Universitetet for miljø- og biovitenskap.

Brevet (til Oikos-Økologisk Norge) følgjer som vedlegg 2 til denne saka.

I breva heiter det m.a.:

«Som oppfølging av første del av avsnitt to i fylkestinget sitt vedtak, torer vi be om tilbakemelding på om de på nokon måte har høve til å medverke til å løyse utfordringa med å få fullfinansiert drifta og ei naudsynt utbygging av Sogn jord- og hagebruksskule ... Med tanke på det vidare arbeidet i saka ber vi om tilbakemelding innan 20. september 2014.»

Fylkeskommunen har fått svar frå Norges Bondelag (vedlegg 3) og Sogn Regionråd (vedlegg 4).

Norges Bondelag viser til at laget sitt arbeid vert finansiert av medlemskontingent og at dei ikkje har midlar til å bidra i investering og drift av utdanningsinstitusjonar. Dei viser vidare til at det offentlege må finansiere denne type verksemd. I brevet heiter det m.a.:

«Med politiske mål om at større del av matproduksjonen skal vere økologisk må også utdanning innan økologisk landbruk være et offentlig prioritert område.»

Sogn Regionråd handsama saka i møtet 12.9.2014, sak 22/14, og gjorde slikt vedtak:

«Sogn regionråd kan medverka i arbeidet for å sikra framtida til Sogn Jord- og Hagebruksskule... Sogn regionråd kan ikkje medverka til å drifta og finansiera investeringar for å fornya bygningsmassen ved skulen.»

Fylkeskommunen har motteke brev frå Sogn jord- og hagebruksskule Venneforening, datert 23.09.14 (vedlegg 5). Dei viser til at føremålet med foreininga er å sikre at SJH held fram med å vera ein skule med undervisning i økologisk landbruk og eit kunnskapssenter for berekraftig næringsutvikling. Føremålet skal m.a. oppfyllest ved at det vert reist kapital til naudsynte investeringar i bygg og anlegg. I brevet heiter det m.a.:

«Vi set no i gang eit arbeid med å skaffe kapital med mål om raskt å kunne bli medstiftar i lag med Aurland kommune og ev. andre aktørar. Målsetting med å opprette ei stifting er å røyse nok kapital til å finansiere det som pr. dags dato ikkje finst finansiering på til nødvendige nybygg ved Sogn jord- og hagebruksskule... Vi ser at behovet for kapital er ca. 12 millionar kroner som manglar for at byggesteg ein kan realiserast. Dette har vi mål om å klare å røyse.»

Fylkeskommunen har motteke brev frå Aurland kommune og Sogn jord- og hagebruksskule Venneforening, datert 12.11.14, (vedlegg 6) med førespurnad om møte og drøftingar for å avklare korleis ein kan gå vidare med eit samarbeid mellom Venneforeninga, Aurland kommune og fylkeskommunen. Av brevet går det fram at venneforeninga pr. 10. nov har samla inn kr. 120 142,-. Dette tilsvarar 1% av det skisserte målet. Fylkesrådmannen sitt svarbrev, datert 17.11.14, følgjer vedlagt (vedlegg 7).

2.3 Alternative måtar å organisere eigedomsmassen på

Fylkesrådmannen gjer i dette punktet greie for alternative måtar å organisere eigedomsmassen på, jf. vedtak i FT-sak 14/14.

Det er på dette punktet lagt til grunn at uansett kva slags organisasjonsform som ev. vert vald, er det ein føresetnad for å oppretthalde skulen som landslinetilbod at det er fylkeskommunen som

står for drifta. Eigarskapen til den faste eigedomen kan altså organiserast som her skissert, men sjølve drifta må altså fylkeskommunen sjølv ta seg av.

1. Stifting

Aurland kommune har tilrådd at det vert oppretta ei stifting med føremål å tryggje og utvikle Sogn jord- og hagebruksskule. Stiftingsalternativet er omtala i saksutgreiinga til FT-sak 14/14. Der heiter det m.a. at fylkesrådmannen «rår sterkt frå at fylkeskommunen går inn som medstiftar slik Aurland kommune ønskjer. Dette fordi ei slik løysing gir lite bidrag økonomisk, medan ho i stor grad avgrensar fylkeskommunen sitt handlingsrom i høve drift og utvikling.»

Ei stifting er sjølveigande og har såleis ikkje noko operativt eigarorgan, som tilsvarar generalforsamling for aksjeselskap. Opprettarane av stiftinga kan først og fremst ivareta interessene sine gjennom val av medlemmer til styret.

I debatten i tilknytning til sak 14/14 viste fylkestinget uvilje mot å organisere skulen som ei stifting.

2. Aksjeselskap

Fylkeskommunen kan, åleine eller saman med andre offentlege og/eller private aktørar, organisere Sogn jord- og hagebruksskule som eit aksjeselskap, som i tilfelle vert eigar av eigedomen. Eigedomsselskapet må då føreta turvande investeringar i bygningsmassen og uteområdet og leige ut eigedomen til fylkeskommunen.

Selskapet treng ikkje ha nokon tilsette og må kjøpe naudsynte tenester, t.d. til forretningsføring, revisjon, arkitekt og byggjekonsulent. I tillegg vil selskapet kunne ha utgifter til styregodtgjersle.

Selskapet vil venteleg måtte ta opp lån for å finansiere investeringane i bygningsmassen. Fylkeskommunen, ev. saman med andre eigarar, må rekne med å garantere for lånet.

Fylkeskommunen må som einaste leigetakar av eigedomen, betale i leige dei kostnadene selskapet har til å betene lånet og til å drifte selskapet. Dette er ein parallell til forholdet mellom Trivselshagen IKS og selskapet sine leigetakarar (Gloppen kommune og fylkeskommunen).

Den demokratiske styringa og kontrollen av eit slikt selskap skjer gjennom generalforsamlinga og oppnemning av styrerepresentantar.

3. Institusjon etter kommunelova § 11

Fylkeskommunen kan organisere skulen som ein fylkeskommunal institusjon med eit eige styre etter reglane i kommunelova § 11.

Fylkestinget vil vere det øvste organet for institusjonen og vil ha den politiske leiinga og kontrollen med verksemda. Sjølve driftsleiinga kan leggjast til styret. Spørsmål av prinsipiell karakter, som t.d. tilhøvet til elevane, investeringar eller omlegging av verksemda, høyrer under fylkestinget, ev. under anna folkevald organ utpeika av fylkestinget.

Oppretting av skulen som ein institusjon, vil ikkje ha andre direkte økonomiske konsekvensar for fylkeskommunen enn ev. utbetaling av godtgjersle til styremedlemene.

4. Fylkeskommunalt føretak

Eit beslekta alternativ til institusjon etter kommunelova § 11, er fylkeskommunalt føretak som vert omfatta av kommunelova kapittel 11.

Føretaket er ein frittståande del av fylkeskommunen si forvaltning, men er ikkje eit eige rettssubjekt. Det er såleis fylkeskommunen som vil vere part i føretaket sine avtalar og som vil hefte for føretaket sine forpliktingar.

Føretaket vert leia av eit styre og ein dagleg leiar. Den daglege drifta krev ikkje ubetydelege økonomiske og menneskelege ressursar. Føretaket skal m.a. ha eige særbudsjett, særrekneskap og årsmelding.

Styret er underordna fylkestinget og må halde seg til dei budsjetttrammer det får av fylkestinget. Styret kan difor ikkje inngå kontraktar som påfører fylkeskommunen forpliktingar eller utgifter over eit tidsrom utover virketida til økonomiplanen.

I vedtektene kan det fastsetjast at styrevedtaka i visse sakstypar må vere godkjende av fylkestinget for å vere bindande for fylkeskommunen.

Fylkesrådmannen har ikkje instruksjons- eller omgjeringssmynde overfor den daglege leiaren av føretaket. Han kan likevel instruere leiaren om å utsetje iverksetjinga av ei sak til fylkestinget har handsama saka.

5. Interfylkeskommunalt samarbeid etter kommunelova § 27

Fylkeskommunen kan gå saman med ein eller fleire andre fylkeskommunar eller kommunar om å opprette eit interfylkeskommunalt samarbeid «til løysning av felles oppgaver». Det vil vere noko anstrengt å hevde at det å eige ein vidaregåande skule, vil vere ei felles oppgåve for fylkeskommunen og ein eller fleire kommunar.

Det er forholdsvis snevre grenser for kva slags avgjerdsmynde dei deltakande kommunane eller fylkeskommunane kan tildele det interkommunale styret. Det må vere tale om avgjerder «som angår virksomhetens drift og organisering».

Eit interfylkeskommunalt samarbeid etter kommunelova § 27 kan vere eit sjølvstendig rettssubjekt, men treng ikkje vere det.

Samarbeid etter kommunelova § 27 vil etter alt å døme bli avskaffa i løpet av få år, anna enn som reine uformelle samarbeidsordningar. Kommunar og/eller fylkeskommunar som ønskjer meir formaliserte samarbeid, vil truleg føretrekkje andre ordningar, som samkommunar, vertskommunesamarbeid og interkommunale selskap.

6. Interkommunalt selskap (IKS)

Eit interkommunalt selskap er eit eige rettssubjekt der alle deltakarane er kommunar, fylkeskommunar eller interkommunale selskap. Organisasjonsforma er først og fremst velegna for verksemdar med eit visst forretningsmessig preg.

På lik line med eit aksjeselskap kan eit IKS stå som eigar av Sogn jord- og hagebruksskule og føreta investeringar i eigedomsmassen. Som einaste leigetakar må fylkeskommunen betale i leige dei kostnadene selskapet har til å betene lån og til å drifte selskapet.

Ein viktig skilnad mellom eit IKS og eit aksjeselskap er at deltakarane i eit IKS heftar uavgrensa for selskapet sine forpliktingar, normalt fordelt etter eigardelen i selskapet. I eit aksjeselskap heftar eigarane berre for den innskotne aksjekapitalen.

Eigarane i eit IKS utøver eigarmynde gjennom representantskapet, som tilsvarar generalforsamlinga i eit aksjeselskap. Representantskapet vedtek m.a. årsbudsjett og økonomiplan og vel styre.

Styret tilset dagleg leiar. Den daglege leiaren har ansvaret for den daglege leiinga av selskapet og skal følgje dei retningslinjer og pålegg styret gir.

Oppsummering - alternative måtar å organisere eigedomsmassen på

Gjennomgangen over viser at organisasjonsformene stifting, aksjeselskap, interfylkeskommunalt samarbeid og IKS opnar for eller føreset at andre aktørar enn fylkeskommunen vert med på eigarsida eller som opprettar. Desse organisasjonsformene gir utfordringar når det gjeld styring og demokratisk kontroll, særskilt gjeld dette stiftingar som ikkje har noko eigarorgan. Om det kan tilføre fylkeskommunen kapital å organisere eigarskapen til skulen i desse formene, står det at å sannsynleggjere.

Alle dei seks alternativa som er nemnde i gjennomgangen over, vil påføre fylkeskommunen kostnader og arbeid til administrasjon, om enn i noko ulik grad.

3. Investeringar og drift ved Sogn jord- og hagebruksskule

I den vidare saksutgreiinga har fylkesrådmannen arbeidd ut frå første punkt i vedtaket i FT-sak 14/14:

«Investeringar og drift ved Sogn jord- og hagebruksskule vert å ta stilling til i samband med føreståande budsjett- og økonomiplanarbeid.»

Fylkesrådmannen har gjennom budsjettprosessen varsla at han vil legge fram ny sak om Sogn jord- og hagebruksskule for fylkestinget i desember 2014. Fylkesrådmannen har i denne saka vurdert tre alternativ:

1. Full utbygging og renovering av bygningsmassen.
2. Nedlegging av skulen.
3. Ekstraordinært vedlikehald av eksisterande bygningsmasse.

3.1 Full utbygging og renovering av bygningsmassen

Det samla investeringsbehovet ved Sogn jord- og hagebruksskule er rekna til om lag 84,3 mill. 2013-kr.

Omrekna til 2015-kr vert det samla investeringsbehovet 89,3 mill. kr (føresett ein prisauke på 2,9% pr. år). Det må understrekast at dette er overslag i ei tidleg fase med nøysemd +/- 15%.

Dersom ein legg til grunn lånefinansiering av den samla investeringskostnaden og mva-kompensasjon på 25 %, kan årlege kapitalutgifter reknast til om lag 6,0 mill. 2015-kr.

I FT-sak 14/14 heiter det m.a. om investeringsbehovet ved skulen:

«Det er i kalkylen lagt til grunn «normal» m2-prisvurdering for denne type bygningsmasse. Det er føresett at byggherre set vilkår i ein ev. prosess som gjer at ein har kontroll på kostnadene. Anna vurdering av areal og m2-pris vil kunne gje andre tal. Dersom det ved konkret planlegging vert ønska/kravd særskilte løysingar/materialval (t.d. i eit økologisk perspektiv), vil det truleg føre til auka kostnader.»

Vidare heiter det i saka:

«Det er ikkje innarbeidd løyvingar til bygningsmessige investeringar på Sogn jord- og hagebruksskule i gjeldande budsjett og økonomiplan.»

Fram til regjeringa kom med framlegget om nytt inntektssystem, arbeidde fylkesrådmannen med ei skisse til finansiering av full utbygging og renovering av bygningsmassen, med føresetnad om at eksterne partar skulle bidra med 40 % og fylkeskommunen med 60 %.

Det vedtekne kommuneproposisjonen (Stortinget, juni) viser at vi over ein periode på 5 år vil få ein reduksjon i dei økonomiske overføringane frå staten på 229 mill. kr samanlikna med i dag. Reduksjonen er i framlegget til statsbudsjett (regjeringa, oktober) auka til 247 mill. kr. Dette er ein monaleg større reduksjon enn det FT har innarbeidd i framleis gjeldande økonomiplan.

Som ein del av økonomiplanarbeidet er det, som følgje av dette, sett i verk prosessar for å gje grunnlag for tilpassing til reduserte økonomiske ramar. Tilbod om landsline er ikkje ei lovpålagt oppgåve og fylkesrådmannen ser det ikkje som forsvarleg å tilrå at fylkeskommunen skal gå inn med ei så stor løyving som tidlegare skissert. Fylkesrådmannen vurderer det vidare slik at arbeidet med oppfølging av FU-sak 116/13 og FT-sak 14/14 viser at det heller ikkje er realistisk å sjå føre seg å kunne hente ekstern medfinansiering på det nivået skissa legg til grunn.

3.2 Avvikling av skuledrifta

Det vart i FU-sak 116/14 m.a. lagt til grunn at første byggjesteg (nye undervisningslokale/ møterom, kjøkken/matsal og administrasjon) var ei minimumsløysing for investeringar som vart vurdert til å ha førsteprioritet og naudsynt å gjennomføre om drifta ved skulen skulle halde fram. Vidare la fylkesrådmannen i saka til grunn at dersom det ikkje let seg gjere å få forplikande

avtalar med eksterne partar om fullfinansiering av drift og investeringar ved Sogn jord- og hagebruksskule i perioden fram til det vart lagt fram sak for fylkestinget i juni 2014, var det ikkje grunnlag for vidare drift. Omtalen over viser at desse føresetnadene ikkje er oppfylte. Fylkesrådmannen har med bakgrunn i dette gjort ei første vurdering av konsekvensane av å avvikle drifta.

Avvikling av skuledrifta vil ikkje ha negative konsekvensar for fylkeskommunen sitt høve til å gje ei kvalitativt god vidaregåande opplæring til ungdom med rett i Sogn og Fjordane. Dette fordi skulen har få elevar frå Sogn og Fjordane og få elevar med ungdomsrett.

Utgreiinga om investeringar og drift ved Sogn jord- og hagebruksskule inngår som ein del av utgreiingsarbeidet i økonomiplan 2015-2018 med tanke på å møte dei økonomiske utfordringane som følgje av framlegget til nytt inntektssystem. Nedlegging av skuledrifta vil medføre ei årleg innsparing i den fylkeskommunale drifta på om lag 2,9 mill. kr. I tillegg kjem innsparing som følgje av at ein ikkje må gjennomføre naudsynte investeringar ved skulen.

Viss eit ev. vedtak om avvikling vert fatta i fylkestinget i desember 2014, meiner fylkesrådmannen det er realistisk at avvikling kan skje frå hausten 2016. Ein legg då til grunn ei gradvis avvikling ved at dei som er inntekne på vg2 skuleåret 2014-15 får høve til å fullføre utdanninga ved å gå på vg3 skuleåret 2015-16. Det vil likevel vere knytt ein driftsrisiko til ei slik overgangsordning når det gjeld å halde oppe eit opplæringstilbod med god kvalitet i avviklingsperioden.

Avvikling av Sogn jord- og hagebruksskule vil kunne gje store utfordringar knytt til å handtere overtal. Dette vil også forsterke overtalsutfordringa som er knytt til vedtaket i skulebruksplanen om å redusere gruppetalet med 22 grupper frå hausten 2016, som følgje av elevtalsutviklinga. Skulen har samla om lag 25 årsverk fordelt på 35 tilsette. Dersom tilbodet på vg2-nivå vert avvikla frå hausten 2015, vil statstilskotet knytt til denne delen av tilbodet falle bort frå same tidspunkt. Frå hausten 2016 vil resten av statstilskotet falle bort. Dette inneber at alle omstillingskostnader knytt til overtalshandtering vil falle på fylkeskommunen. Fylkeskommunen sine driftsutgifter til skuledrifta vil truleg auke i overgangsperioden. Det er stor usikkerheit knytt til omfanget av overtal og det er difor ikkje berekna kva omstillingskostnaden vil vere.

Dersom skuledrifta skal avviklast, må det ut frå dette straks setjast i gang prosessar for å ivareta fylkeskommunen sitt arbeidsgjevaransvar.

I skøyte for Sogn jord- og hagebruksskule går det fram at dersom skulen vert nedlagt skal jordbruksskulegarden med alle rettar og plikter og med dei hus som naturleg høyrer med til gardsdrifta vederlagsfritt falle tilbake til Aurland kommune. Vidare går det fram at skulebygningar med naudsynt uteareal og vegar og anna som ikkje har noko med gardsdrifta å gjere, er fylkeskommunen sin eigedom og skal kunne nyttast etter nærare avtale mellom fylkeskommunen og kommunen. Dersom det vert vedteke å avvikle skuledrifta må det setjast i gang naudsynte prosessar med kommunen i høve dette.

Tabellen under viser kostnad og finansiering av aktiviteten ved skulen i 2013:

	Sum skule- og gardsdrifta	Sum oppdragsverksemd (inkl. internat)
Lønskostnader	9 963 802	3 763 274
Kjøp av varer og tenester	6 840 111	4 964 601
<i>Sum brutto driftsutgifter</i>	<i>16 803 913</i>	<i>8 727 875</i>
Salsinntekter	-5 263 943	-4 464 952
Statstilskot	-8 691 205	
Div. refusjonar	-1 621 350	-3 500 978
<i>Sum driftsinntekter</i>	<i>-15 576 498</i>	<i>-7 965 930</i>
Netto driftsutgifter	1 227 415	761 945
Fylkeskommunal budsjettløyving	2 165 000	
Oppsettet er ekskl. lånefinansiert utstyrløyving og løyving til vedlikehald.		

Statstilskotet var i 2013 altså på om lag 8,7 mill. kr.

I 2013 var det budsjettert med samla årleg fylkeskommunal finansiering av aktiviteten ved Sogn jord- og hagebruksskule (ut over det statlege tilskotet) på om lag 2,9 mill. kr.

Som vist over hadde verksemda ved Sogn jord- og hagebruksskule i 2013 ein samla omsetnad på over 25 mill. kr.

Sogn jord- og hagebruksskule, inkludert kursverksemda og ressurscenteret ved skulen, er ein stor arbeidsplass i Aurland kommune. Skulen er det einaste heiløkologiske utdanningstilbodet på vidaregåande nivå i Norge og ein viktig samarbeidspart innan økologisk landbruk på nasjonalt nivå. Avvikling av skuledrifta vil medføre tap av arbeidsplassar og bortfall av eit fagmiljø og kompetanse innan økologisk matproduksjon, foredling og bærekraftig utvikling som er høgt verdsett både lokalt, regionalt og nasjonalt.

3.3 Ekstraordinært vedlikehald av eksisterande bygningsmasse

Fylkesrådmannen ønskjer å vurdere eit rimelegare alternativ som ikkje inkluderer nybygg eller større ombyggingar, men som berre inneber iverksetjing av ekstraordinære vedlikehaldstiltak på eksisterande bygningsmasse. Det må vere eit krav til realisering av vedlikehaldsalternativet at tiltaka må utførast snarast mogleg, innafør ei gitt økonomisk ramme, og at ein etter at vedlikehaldet er gjennomført, kan ha tilfredsstillande og forsvarleg drift på skulen i ein 10-12 års periode.

Slike tiltak vil i hovudsak være knytt til prioriterte tiltak innan fuktsikring av tak/ytterkledning, generell oppussing av innvendige overflater samt noko oppgradering av tekniske anlegg. Målsettinga må være å sikre tilfredsstillande lokalitetar til undervisning og til tilsette, innanfor dei rammene eksisterande bygningsmasse gjev.

Dersom skulen skal kunne drivast vidare innan dei økonomiske rammene fylkeskommunen no står overfor, meiner fylkesrådmannen ein bør vurdere alternativet med ekstraordinært vedlikehald.

Gjennomføring av vedlikehaldsalternativet vil medføre betydeleg reduksjon i kostnadene i høve alternativet med full utbygging og rehabilitering. I dette alternativet vil drifta ved skulen, det statlege tilskotet og fylkeskommunen sine årlege driftsutgifter bli vidareført.

Eit vedtak om ekstraordinært vedlikehald må, etter fylkesrådmannen si vurdering, innebere at så lenge landslineordninga vert vidareført på dagens nivå, vil det ikkje dei næraste 10-12 åra vere aktuelt å vurdere avvikling av skuledrifta som tiltak for å saldere fylkeskommunen sine økonomiske utfordringar. Dette inneber at fylkeskommunen må løyse salderingsutfordringa ved andre innsparingstiltak, jf. utgreiingsområda som går fram av budsjett 2015 og økonomiplan 2016 (2017-2018).

Dersom det blir gjort vedtak om å gjennomføre vedlikehaldsalternativet må utgiftene finansierast ved låneopptak.

Fylkesrådmannen meiner det må setjast ei øvre grense på 20,0 mill. kr for kor mykje midlar fylkeskommunen skal kunne bruke på vedlikehaldsalternativet. Eit låneopptak på 20,0 mill. kr vil gje årlege kapitalutgifter på om lag 1,7 mill. kr.

Avgrensinga på 20 mill. kr frå fylkeskommunen er rimeleg med utgangspunkt i at vi var villege til å ta 60 % (25,8 mill. 2013-kr) av eit ev. byggjesteg 1 i alternativet full utbygging. Det var då lagt til grunn at kommunen, staten og andre bidrog med resterande 40 % (vel 17 mill. kr). Når vi no er komen i ein situasjon der inntektsutsiktene våre er dramatisk forverra og det viser at andre partar er lite villege til å stille opp, må 20 mill. kr frå fylkeskommunen vere eit rimelege stort beløp.

Aurland kommune har gjennom arbeidet med å klargjere grunnlaget for finansiell medverknad, vist at dei er innstilte på å bidra med inntil 5 mill. kr i stiftingskapital dersom det vert oppretta ei stifting. Sogn jord- og hagebruksskule Venneforening har sett seg mål om å bli medstiftar og å samle inn om lag 12,0 mill. kr for å bidra til å realisere byggjesteg 1.

Fylkesrådmannen meiner fylkeskommunen må be Aurland kommune om, innan ein kort tidsfrist, å klargjere om ein vil bidra med 5 mill. kr i tilskot for å delfinansiere vedlikehaldsalternativet. På same måte må fylkeskommunen be venneforeininga om, innan same korte tidsfrist, å klargjere om dei vil bidra med innsamla midlar i eit tilskot for å delfinansiere vedlikehaldsalternativet. Dette vil i tilfelle innebære at den økonomiske ramma for dette alternativet vert auka tilsvarende. Ev. andre (nye) ny bidragsytarar vil og måtte melde seg innan same frist.

Fylkesrådmannen ser føre seg at for å vurdere om vedlikehaldsalternativet er eit realistisk alternativ, må det utgreiast kva ekstraordinært vedlikehaldsarbeid som kan gjerast innanfor ei samla økonomisk ramme på 20,0 mill. kr frå fylkeskommunen, med tillegg for eventuelt tilskot frå Aurland kommune, venneforeininga og ev. andre. Den økonomiske ramma må klargjerast før utgreiingsarbeidet startar.

3.4 Konklusjon

Grunna fylkeskommunen sin økonomiske situasjon og manglande ekstern finansiering er det, etter fylkesrådmannen si vurdering, ikkje grunnlag for å arbeide vidare med ei løysing i tråd med alternativ 1 *Full utbygging og renovering av bygningsmassen*.

Alternativ 2 *Avvikling av skuledrifta*, vil ha store negative konsekvensar både for lokale, regionale og nasjonale omgjevnader, og for dei tilsette.

På bakgrunn av dette vil fylkesrådmannen rå til at alternativ 3 *Ekstraordinært vedlikehald av eksisterande bygningsmasse* vert vidare utgreidd. Dette inneber at det må utgreiast kva ekstraordinært vedlikehaldsarbeid som kan gjerast på eksisterande bygningsmasse ved Sogn jord- og hagebruksskule innanfor ei økonomisk ramme lik summen av løyving frå fylkeskommunen og eventuelle økonomiske tilskot frå andre partar.

Fylkesrådmannen rår til at fylkeskommunen, dersom vedlikehaldsalternativet vert realisert, løyver inntil 20 mill. kr til føremålet.

Frist for klargjering av om Aurland kommune og venneforeininga vil bidra med tilskot bør setjast til 31.01.2015.

Fylkesrådmannen vil rå sterkt i frå at det vert oppretta ei stifting i samband med ev. realisering av vedlikehaldsalternativet, då stifting ikkje medfører økonomiske fordelar og er ei ordning som gir juridiske bindingar og auka administrative kostnader.

Dersom utgreiinga viser at den økonomiske ramma ikkje gir rom for å oppfylle kravet om at ein etter at vedlikehaldet er gjennomført kan ha tilfredsstillande og forsvarleg drift på skulen i ein 10-12 års periode, er det fylkesrådmannen si vurdering at vedlikehaldsalternativet ikkje kan realiserast. Fylkesrådmannen vil i så fall meine at framtida for skulen må vurderast.

Sak med utgreiing av vedlikehaldsalternativet må leggjast fram for fylkestinget i juni 2015.

Utgreiingsarbeidet som skal gjerast er omfattande og må ha høg prioritet for å halde naudsynt framdrift. Fylkesrådmannen meiner det må setjast av 0,5 mill. kr i 2015 til kjøp av rådgivingstenester i samband med utgreiingsarbeidet. Fylkesrådmannen meiner midlane som vert nytta til kjøp av slike tenester må finansierast av den fylkeskommunale ramma på 20,0 mill. kr, om vedlikehaldsalternativet vert realisert.

Tilrådinga frå fylkesrådmannen inneber at elevinntaket til skulen hausten 2015 går som normalt.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)